

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

Dato	03.02.2022
Vår referanse	2022/333-9
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	90526060

## Fråsegn til oppstart og planprogram for reguleringsplan - gnr 14 bnr 106 - Hosteland Vest - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 13.12.21 om oppstart av detaljregulering med planprogram for Hosteland Vest. Hovudføremålet med reguleringa er bustadutvikling med tilhøyrande infrastruktur og småbåtanlegg. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad og LNF. Arealet avsett til bustad utgjer ein stor del av bustadreserven i Masfjorden sin kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstart og planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

#### Planfaglege merknadar

Planen er vurdert til å vere konsekvensutgreiingspliktig etter § 8a i konsekvensutgreiingsforskrifta. Kommunen vurderer at sjølv om det i vedlegg II er tema «bygging av veier» som utløyser KU-kravet, er det også naudsynt å inkludere tema i konsekvensutgreiinga som angår bustadbygginga og tiltak utanfor fastsett byggjegrænse mot sjø i KPA. Vestland fylkeskommune ser at dette, saman med utarbeiding av planprogram, vil vere eit nyttig grep for heilskapleg og føreseieleg planlegging i området.

#### Samferdsel, areal- og transport

Området er i hovudsak avsett til bustad i kommuneplanen sin arealdel (2018-2030), og noko av arealet er avsett til LNF. Arealet avsett til bustad utgjer ein stor del av bustadreserven i Masfjorden sin kommuneplan. Generelt består Masfjorden kommune av spreidd busetting og fleire mindre bygder. Hosteland Vest er eit større område med nærleik til Hosteland der det er butikk mm. Skulen ligg eit stykke utanfor sentrumsområdet på Hosteland og omlag 2-3 km frå planområdet.

Utfordringa har vore å finne gode løysingar for mjuke trafikantar mellom bustadområdet og Hosteland. I dag er tunellen på fylkesvegen ein barriere for dei som går og sykklar. I planprogrammet er det tenkt ei løysing med vegtilkomst via Træet, som er kommunal veg. Vestland fylkeskommune meiner dette kan vere ei god og trygg løysing, som kan gjere det attraktivt å gå eller sykle til ulike gjeremål på Hosteland. Ulempa er at skulen ligg eit stykke unna. I planprogrammet er tilkomst til sentrum og skuleområde trekt fram som eit viktige tema i den vidare planprosessen, og dette er positivt. I gjeldande trafikksikringsplan for Masfjorden, er trygge skuleveggar eit sentralt punkt, og fylkeskommunen legg til grunn at trygg skuleveg vert via særleg merksemd i det vidare arbeidet med utvikling av Masfjorden vest.

Det er busstilbod på strekninga, og det er lagt opp til å etablere haldeplass langs fylkesvegen og med g/s-tilbod tilbod planområdet. Fylkeskommunen vurderer at dette vil vere ei god løysing.

#### Infrastruktur og veg

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkome langs fylkesveg. Ein viktig del av dette er å sikre at fylkesvegnettet vert utforma i samsvar med gjeldande vegnormalkrav. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og fylkeskommunen sine regionale areal- og transportpolitiske føringar blir tatt høgde for i planlegginga.

#### Generelle vegfaglege krav til planarbeidet

Vestland fylkeskommune føreset at verknadene som planen vil ha for vegtransport og vegnett vert gjort greie for og kjem klårt fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Det som må gjerast greie for er generelt:

- trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper
- tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- tilkomst- og kryssløysingar
- venta trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- vegtrafikkstøy
- tiltaket sine konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet
- tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- tekniske vegteikningar i samsvar med vegnormalar og handbøker

#### Konkrete vegfaglege merknader til planarbeidet

Avdeling for infrastruktur og veg tykkjer at det er positivt at planforslaget legg opp til å etablera krysset med busslommer og tilbod til mjuke trafikantar som vist i alternativ 2. For å kunne oppnå ein trafikk sikker tilkomst til planområdet ser vi det som naudsynt at ein vel å leggje til grunn alternativet som legg opp til sprenging for å oppnå tilstrekkelege frisktsoner. Dette må setjast opp som eit rekkefølgjekrav i reguleringsplanen.

Som tidlegare nemnd i dialog med Masfjorden kommune er der særleg viktig for Vestland fylkeskommune at det blir fokusert på trafikk sikre løysningar for mjuke trafikantar. Det er difor viktig at turvegen til Hosteland blir opparbeida slik at mjuke trafikantar har moglegheita til å kunne ta seg til Hosteland utan å måtte nytte dei delane av fylkesveg 570 som ikkje har eit tilfredsstillande tilbod. Dette må også settast opp som eit rekkefølgjekrav i reguleringsplanen.

Planforslaget legg opp til utbygging av eit forholdsvis stort byggjefelt. Vi ber difor om at det blir tatt inn i planen at det skal opparbeidast sykkel- og gangsti frå eksisterande tilbod med bensinstasjonen til krysset ved Hosteland. Ved utbygging av nye bustadområde er det viktig at mjuke trafikantar, barn og unge har ein trygg veg til butikk, skule og fritidsaktivitetar. Vestland fylkeskommune vil peike på trong for å legge til rette for å redusera behovet for å nytta privatbil.

#### Strandsone

Planprogrammet synleggjer reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, som deler landet inn i tre soner med ulike føringar tilpassa utbyggingspress og trong for vern av dei interessene som skal ivaretakast i strandsona. Masfjorden ligg i sone 3, og dette er område med mindre press på areala. Fylkeskommunen vil i denne samanhengen særleg peike på at retningslinjene for sone 3, som m.a. seier: *Tomteopparbeiding, etablering av veier og annen infrastruktur bør skje slik at terrenginngrep og ulemper blir minst mulig.*

I planprogrammet er småbåthamn/bryggeanlegg og brygger nemnd som del av utbygginga mot sjøen. Utbygging privatiserer og stykkar opp strandsona, og ei felles småbåthamn kan i mange tilfelle vere eit mindre arealkrevande og betre alternativ enn at alle båteigarar skal få eiga brygge, naust eller liknande. Fylkeskommunen rår til at ei slik løysing blir prioritert i arbeidet med planen.

#### Arkitektur og landskap

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur

innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Ved bygging i skrånande terreng bør ein legge vekt på terrengtilpassing av nye bygg og unngå store skjeringar og fyllingar. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i det vidare planarbeidet.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planforslaget.

Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Landskapet innanfor planområdet er delt av eit dalsøkk der det i dag finnast rester etter fleire kvernhus som er registrert i SEFRAK-registeret. Dette er eit kulturmiljø som bør sikrast i den nye planen og som kan bidra til opplevingsverdiar mellom anna knytt til planlagde turstiar med meir. Dette området er ikkje direkte råka av tiltaka i den nye planen, bortsett frå tomt sørvest for Fensfjordvegen. Tomten her snevrar inn landskapsrommet og vi rår til at heile dalføret med restar etter kverner vert liggjande ubebygd opp mot Storestemsvatnet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet vert vurdert å vera lågt.

Vi har ingen fleire avgjerande merknader i saka på noverande stadium i planprosessen, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

#### Marine kulturminne

Då saka omfattar areal i sjø har den vore sendt til vurdering ved Bergens sjøfartsmuseum. Bergens sjøfartsmuseum sin uttale i saka vert ettersendt.

#### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på samferdsel, infrastruktur og veg, strandsone, landskap og kulturmiljø. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/>

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

Cathrine Grasdal  
rådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Gunnhild Raddum - MOK - Transportplan  
Govert Edvar Grindhaug - INV - Forvaltning Bergensområdet  
Solveig Lohne Rongved - KII - Kulturarv

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens vegvesen

Njøsavegen 2

Postboks 1010 Nordre Ål